

Kollektivtilbodet i distrikta

For distrikta er ferje og båt ofte einaste framkomstveg, det er difor naudsynt med hyppige avgangar til ein rimeleg pris. Eit godt kollektivtilbodet bidreg til levande lokalsamfunn i distrikta. Det kan bidra til auka arbeidsmarknad og utdanningsmoglegheiter for innbyggjarar i distrikta og være viktig for lokalt næringsliv. Det føreset at tilbodet er tilstrekkeleg med omsyn til behov blant pendlarar, skuleelevar og studentar samt næringsliv og tenesteytarar.

Kollektivtransporten er eit viktig verkemiddel i kampen mot klimakrise og global oppvarming må baserast på berekraftige transportmiddel. Løysningane som finnes på dette området i dag dekker likevel ikkje behova for berekraftig transport i ein landsdel med til dels store avstandar og mykje vær.

Ferjeopprøret langs kysten viser at det er naudsynt at staten kjem med auka løyvingar til fylka slik at den heilt nødvendige klimasatsinga på elferjer ikkje går utover tilbodet i distrikta.

Vestland SV vil derfor jobbe for:

- eit kollektivtilbod med tilstrekkelege avgangar og ressursar for å dekke behova blant pendlarar, næringsliv og tenesteytarar i distrikta.
- økonomiske rammer som gjer at ein kan innføre makspris på ferjer slik at ein sikrar levedyktige lokalsamfunn
- tilstrekkelege økonomiske rammer til å bygge ut bruken av berekraftige transportmiddel i kollektivtilbodet.
- auka støtte til forskning og andre prosjekt med mål om å utvikla berekraftige transportløyvingar til bruk i distrikta, særleg prosjekt som har som mål å utvikla og effektivisera hydrogen-snøggåtar og el-ferjer.
- Lavt belegg krevar nye løysningar. SV vil derfor halde fram og utvide arbeidet med prøveprosjekt med nye kollektivordningar i distriktet, som tildømes ordninga «hentmeg»

Vedteke årsmøtet Vestland SV 9. februar 2020